

List of Signatures

Page 1/1



Protokoll_Styremøte 13. desember 2022_131222.pdf

Name	Method	Signed at
Lervik, Birgit Olaus	BANKID	2023-03-03 06:35 GMT+01
Skrede, Åge	BANKID_MOBILE	2023-03-02 07:42 GMT+01
Ovrid, Marianne	BANKID	2023-02-28 07:40 GMT+01
Hønsi, Torunn Gauteplass	BANKID_MOBILE	2023-02-27 16:16 GMT+01
Sortland, Petter	BANKID	2023-02-27 11:54 GMT+01
Øvstetun, Ernst Ståle	BANKID	2023-03-23 11:46 GMT+01



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 4FD08F0E18D44A6F83E9748EBDC87E1F

Styremøte 13. desember 2022

tir. 13 desember 2022, 09.30 - 13.00

Quality Sogndal Hotell

Deltakere

Styremedlemmer

Torunn Hønsi, Jøril Hovland, Petter Sortland, Åge Skrede, Birgit Lervik, Ernst Ståle Øvstetun, Marianne Ovrid

Møteprotokoll

15/22

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent

Beslutning

Dagny Alvik

16/22

Godkjenning av referat frå styremøtet den 20.09.22

Vedtak: Referat frå styremøtet den 20.09.22 vert godkjent og signert (elektronisk)

Beslutning

Dagny Alvik

17/22

Driftsorientering

Vedtak: Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker

Orientering

Dagny Alvik

17/22.1

Personal og HMS

Orientering om Arbeidsmiljøkartlegging, status på sjukefråvær, avviksstatistikk, personalendringar

 Arbeidsmiljømåling.pdf

 Avviksregistrering HMS.pdf

 Sjukefråvær.pdf

Orientering

Anne Sigrid Harjo

17/22.2

Drift og administrasjon

Orientering om status i prosjekt i Festingdalen og på Miljøstasjonane

Orientering

Dagny Alvik

17/22.3

Varsel om vurdering av pålegg i Nyrstarsaka

Statsforvaltaren i Vestland varslar at dei vurderer å gje pålegg etter forureiningslova til Simas IKS om å fjerne slagget utanfor deponiet, og gjere avbøtande tiltak for å redusere forureining frå slagget som er nyttiggjort på deponiområdet. Dei varslar også at dei vurderer å gje pålegg om vidare overvaking, vurdering og rapportering om forureining frå slagget, dokumentasjon på vassbalanse, og utgreiing av korleis alle dei varsla tiltaka kan gjennomførast inkludert kostnader. Dei varslar at dei vurderer å pålegge Nyrstar AS Høyanger å dekke halvparten av kostnadane ved pålegget.

 Varsel om pålegg etter forureiningslova til Simas IKS og Nyrstar AS Høyanger.pdf

Orientering

Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
4FD08F0E18D44A6F83E9748EBDC87E1F

17/22.4

Uttale frå Sivilombodet

Sivilombodet er ikkje samd i ankenemnda si vurdering om fråflytta eigedom er omfatta av gebyrplikta. SO legg til grunn at det må produserast husholdningsavfall på eigedomen for at den skal vere omfatta av tvungen renovasjon.

Dette kan få store følgjer for vår handtering av abonnentar og vår inntening. Korleis kan vi objektivt gje eit rettferdig gebyr? Vi har mange hus som er fråflytta, og blir brukt sporadisk til fritid. Vi er plikta til å ha renovasjonsordning i heile distriktet, og dette vil føre til auka belastning på dei resterande abonnentane. Vår ordning no med å bruke matrikkelen gir ei forutsigbar inntekt, og vi har retningslinjer som gir dispensasjon frå variabelt og fastledd ved at abonnentar søker om fritak med dokumentasjon.

Miljødirektoratet peiker på at det kan vere utfordrande med kva vurderingar som skal leggjast til grunn for fritak i sin rettleiar.

Administrasjon har teke kontakt med vår advokat og juristar hjå Samfunnsbedriftene og Miljødirektoratet. Det vil bli gjort ei vurdering om kva følgjer dette vil få for oss, og korleis vi skal svare ut anmodninga frå SO.

Saka blir handsama i ekstraordinært møte i ankenemnda den 25.01.23, og i styremøte den 14.02.23. Vi har søkt Sivilombodet om utsatt frist for tilbakemelding.

 Uttale frå Sivilombodet.pdf

Orientering
Dagny Alvik

17/22.5

Tilbod om ledig tomt til Miljøpark på Kaupanger

SIMAS har fått tilbod om ledig tomt på Kaupanger Industriområde. Administrasjonen har starta dialog med Sogndal kommune, og det vil bli gjort eit forprosjekt på om dette kan verdte å gå vidare med.

 Tilbod om tomt på Kaupanger Industriområde.pdf

Orientering
Dagny Alvik

18/22

Regnskap pr oktober 2022

Vedtak: Styret tek rekneskapsrapport pr. oktober 2022 til vitande

 10 Regnskapsrapport okt 2022 - Azets.pdf

Orientering
Aud Beheim

19/22

Orientering om Sirkla Ressurs AS

Hausten har synt normal aktivitet for årstida. Omsetning og resultat er svakare enn budsjettert. Prognosen syner eit underskot på 150 000,-

Samarbeid mellom SIMAS og Sirkla er blitt betra. Sirkla leverer alt avfall til Festingdalen, og SIMAS nyttar Sirkla ved behov for transportoppdrag. Det er positive utsikter på nyåret med oppdrag frå Retura Nomil og Norsk Gjenvinning pga nye utsorteringskrav.

Dagleg leiar må på ny ut i behandling for alvorleg sjukdom. Hallvard Thomassen vil fungere som dagleg leiar (50%) fram til påske 23.

Deler av Neumannbygget vil bli ombygd våre 23. Adm. vil jobbe frå heimekontor i denne perioden.

Vedtak: Styret tek informasjon om Sirkla Ressurs AS til vitande

Orientering
Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
4FD08F0E18D44A6F83E9748EBDC87E1F

20/22

Orientering om Vest Resirkuleringscenter AS

Diskusjon

Dagny Alvik

SIMAS IKS eig 24% av aksjane i Vest Resirkuleringscenter AS. Hovudsatsinga er pyrolyse av vindmølleblad, men det skal også testast ut organiske avfallsfraksjonar (trevirke, sikrest ol) frå SIMAS. Verksemda har fått 300' frå Sparebanken Vest og 1 mill i støtte frå Innovasjon Norge. Det er også ein EU-søknad på gang. Det er sendt inn søknad om utleppsløve til pilotproduksjon til Statsforvaltaren. Reaktor er kjøpt frå Kina, og er under vegs. Forventa ankomst til Høyanger er medio desember.

SIMAS har bidrege med ein del ressursar inn i verksemda, både ved å betale for konsulentbistand og bruk av eigen tid. Det er også gjort avtale om at vi skal leverer avfall til uttesting som har ein verdi på 200' når anlegget er oppe og går, og har fått utleppsløve.

Ein føresetnad frå Innovasjon Norge for å få støtte, var at eigenkapitalen i verksemda aukar til 500'. Styret i SIMAS må ta stilling til kva rolle vi skal ha i selskapet.

Vedtak:

1. Denne saka vert utsatt til neste styremøte.
2. SIMAS ynskjer å utsetje drøftinga om investorar, og at Vest Resirkuleringscenter AS heller går i dialog med SPV om lån for å ha tilstrekkeleg likviditet i prosjektet sin første fase.
3. SIMAS går i dialog med Sirkla Ressurs AS om dei vil overta SIMAS IKS sin aksjepost i Vest Resirkuleringscenter AS.

21/22

Orientering frå representantskapsmøtet den 21.10.22

Orientering

Dagny Alvik

Representantskapet vedtok drifts- og investeringsbudsjettet til SIMAS IKS for 2023, og økonomi- og investeringsplanen for 2023-2026.

Representantskapen ber SIMAS arrangere ein Fagdag med formål om å bygge utviklingsprosjekt knytta til avfallshandtering og sirkulærøkonomi. Deltakarar bør vera relevante aktørar frå regionen som næringsliv, studentar, kommunane og ungdommens kommunestyre.

Vedtak: Styret tek informasjonen frå Representantskapsmøtet til vitande

22/22

Årdal inn i SIMAS

Orientering

Dagny Alvik

Den 3. nov vedtok kommunestyret at Årdal kommune skal gå i dialog med SIMAS om å bli fullverdig medlem.


Vi har lyst ut etter konsulentbistand som prosjektleiar som kan leia prosjektet. Dette vil vere avgjort i slutten av desember. Prosjektet vil bli delt inn i fleire underprosjekt som går på teknisk utstyr, god overgang for dei tilsette (virksomhetsoverdragelse), abonnement, renovasjonsruter, miljøstasjon mm. Dette vil bli arbeidskrevjande, og omfatte mange i organisasjonen.

Vi har diskutert om det beste er å overta renovasjonen frå 2024, men dette er ikkje bestemt. Sidan forbrenningsanlegget vil bli lagt ned allereie frå jan 23, ynskjer Årdal kommune å levere restavfallet til oss allereie frå nyttår av.

Det er bestemt at vi fokuserer først på dei tilsette som skal over frå Årdal kommune til SIMAS. Det er lagt ein plan som skal ivareta dei på ein god måte.

Det kan vere behov for auka ressursar i SIMAS i denne perioden

Vedtak: Styret tek informasjonen om arbeidet med å få Årdal kommune inn som fullverdig medlem til vitande

 Referat frå møte 21. november 2022.pdf

 Tildeling - SIMAS-Årdal .pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
4FD08F0E18D44A6F83E9748EBDC87E1F

23/22 Ny veg til Festingdalen

Diskusjon
Dagny Alvik

Det er kome inn mange innspel i høyringa i planoppstarten.

Innspele frå fylkeskommune og Statsforvaltaren er av ein slik karakter at det i beste fall må gjennomførast ei konsekvensutgreiing av nærmiljøet og naturmangfald. Det må også truleg gjennomførast ei kartlegging av naturmangfald for planområdet.

Innspele frå transportfirma og frå Sogn Brann og redning er av ein slik karakter at det bygger under at eksisterande veg er for dårleg og at tilkomst til dykkar anlegg krev ein veg med ein standard som berre alternativ 3 kan oppfylle.

Plankonsulent arbeider med argumentasjon og går no grundig inn i innspela. Dei vil søke å fastsette enda grundigare kva mål som er med vegen, i tråd med slik vegen var regulert samtidig med reguleringsplan for miljø og avfallsanlegget i Festingadalen. Basert på innspela er det enda grundigare dokumentert at oppgradering av eksisterande veg ikkje vil oppfylle mål med planarbeidet fordi det ikkje er mogeleg å bygge eksisterande veg om til standard som er gitt i Sogndal kommune sin vegnorm. Oppgradering av eksisterande veg til heller ikkje oppfylle krav til standard som Sogn brann og redning krev.

Dei vil komme med ei oppsummering av innspela til planoppstart i neste veke. Vidare bør vi ha eit møte med Sogndal kommune der temaet vil vere korleis vi skal få fram ein veg til anlegget vårt som oppfyller krav til vegstandard og at utbetring av eksisterande veg ikkje er mogleg å løyse i høve kommunen sin vegnorm. Om mogleg søke å få dei til å bli samde om at målet for reguleringsplanen er ein veg med godkjend standard. Dersom kommunen ikkje vert samd i å gå vidare med alternativet som gir fullgod standard, kan det føre til full konsekvensutgreiing av begge alternativa.

SIMAS har tidlegare vore i dialog med Sogndal kommune om dei kan overta ansvaret for vegen, då vi er ei offentleg verksemd som utfører kommunane sine lovpålagde oppgåver. Pga standarden på vegen, var ikkje kommunen villig til å ta over på dåverande tidspunkt.

Når vi no vil oppgradere vegen til godkjent standard, ynskjer vi å ta dette opp igjen med Sogndal kommune som er vår vertskommune. Vi betaler eit vesentleg bidrag i eigedomsskatt til kommunen, men har per i dag ansvar for all infrastruktur som vatn, avløp og veg.

Vedtak: Styret tek informasjon om planprosessen til vitande. Administrasjonen får mandat til å setje i gang dialogen med Sogndal kommune om å gjere vegen om til offentleg veg

 rapp_DR-plan Festingdalsvegen innspel varsla planoppstart.pdf

24/22 Samarbeid med Grønn Vekst på kompost

Diskusjon
Dagny Alvik

SIMAS har starta dialog med Grønn Vekst om mogleg samarbeid for å sikre større omsetning av vår kompost. Vi diskuterer moglegheita til joint venture/felles foretak der vi blir likeverdige partar regulert gjennom ein aksjonærvtale. Grønn Vekst har fleire anlegg i Norge, og ser at komposten til SIMAS kan vere nyttig i deira produksjon av jordprodukt. Dei kan bidra med kompetanse og salg/marknadsføring som sikrar vår omsetning av produkta.

Vedtak: Styret gir administrasjonen mandat til å fortsetje dialogen med Grønn Vekst AS om mogleg Joint Venture

 SIMAS - Grønn Vekst - Joint venture modell.pdf

25/22 Forsikringsoversikt


Diskusjon
Aud Beheim

Styret skal årleg ha gjennomgang av selskapets forsikringar. Vi har forsikringar hjå Gjensidige, sjå vedlegg.

Som ein følgje av den store risikoen for brann og at det har vore fleire store brannar i avfallsanlegg seinare åra er det få selskap som er villig til å forsikre avfallsselskap. Det fører og til at kostnadane med forsikring og eigenandelane for avfallsselskap har vorte store.

Dagens forsikringsavtale er gjeldande til 25.06.23. SIMAS IKS må difor i løpet av første halvår 2023 ha nytt anbod på forsikringar.

Vedtak: Administrasjonen får mandat til å setje i gang anbodskonkurranse på forsikringane til selskapet

 Styresak om forsikringar.pdf

 Forsikringsoversikt 06.12.22.pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
4FD08F0E18D44A6F83E9748EBDC87E1F

26/22


Endring av retningslinjer for Renovasjon- og slamforskrifta

Beslutning

Dagny Alvik

Retningslinjene til renovasjon- og slamforskrifta er revidert til dagens gjeldande praksis. Det er nokre språklege endringar, og retningslinjer for fritak er fullstendig endra. Uttale i klagesak frå Sivilombodet krev at vi må gå gjennom forskrifta vår på nytt når det gjeld fritak.

Vedtak: Saka vert utsatt til saka med Sivilombodet er ferdig handsama

 Retningslinjer til renovasjon.pdf

27/22


Årsplan for styret i SIMAS IKS i 2023

Beslutning

Dagny Alvik

Formålet med årsplan er å sikre ein god plan for styret sitt arbeid og i tillegg til å syte for at styrets ansvar og oppgåver vert ivareteke. Årsplan skal legge til rette for ein strukturert gjennomgang av verksemdas formål og handlingsplaner som er vedteke for å oppnå målsetningane som er sett til verksemda.

Vedtak: Styret i SIMAS IKS vedtek årsplan for 2023

 Årsplan for styret 2023.pdf

28/22

Tilsetting av direktør

Diskusjon

Torunn Hønsi

Dagny er konstituert som direktør fram til 01.05.2023. Styret må vurdere om det skal setjast igang ny utlysingsprosess.

Vedtak:

1. Styret ber administrasjonen førebu ekstern utlysing av fast direktørstilling i SIMAS så raskt som mogleg, då arbeidsavtalen til konstituert direktør går ut 01.05.23.

Styreleiar vil på vegne av styret bistå med utlysingsteksten og kan stå som kontaktperson i utlysinga.

2. Styret vil oppmode konstituert direktør om å søkje på stillinga.

 Saksutgreiing DIREKTØR.pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
4FD08F0E18D44A6F83E9748EBDC87E1F